

Denne teksten er publisert i *something old, something new, something borrowed, something blue*, om keramisk arbeid av Nina Malterud, utgitt av Kunsthøgskolen i Bergen 2002.



Skål, diam. 12 cm, Nina Malterud 2002. Foto: Øystein Klakegg

Jorunn Veiteberg

## Kommentar til samtale om funksjon

Sommaren 2001 inviterte Kunstindustrimuseet i Oslo i samarbeid med Norske Kunsthåndverkere til ei utstilling dei kalla *Samtale*. Ved å samla ei rekkje objekt under ulike overskrifter og utstyra dei med ein forklarande tekst, ønskte utstillinga ikkje berre å få tinga i tale kvar for seg, men å få dei til å gå i dialog med kvarandre, for no å bli i utstillinga sin eigen metaforikk. Emnet for denne utstillingssamtalen var aktuelle tendensar i dagens kunsthåndverk, og eit av dei tema som vart tatt opp, var *funksjon*. I følgjeteksten heiter det: "Kunsthåndverket har for lengst frigjort seg fra bruksaspektet, men mange kunsthåndverkere har et forhold til former som forbindes med bruk." Dette blei illustrert ved ei rekkje verk som ikkje kunne brukast, men som i staden tente som *representasjonar* av kjente bruksføremål, til dømes eit måleri som var rundt som eit fat. Å bli fri er positivt lada, så ut frå denne retorikken må vi slutta at det å laga bruksting inneber strenge grenser og tvang. Men er dette heile sanninga om kunsthåndverket og bruksfunksjonen?

Utan tvil har det vore frigjerande for kunsthåndverkarane å sprenga ramma som heitte kunsthåndverk = bruksting, men samstundes er det nedslåande at så sentrale kjennarar av kunsthåndverk som fagorganisasjonen og kunstindustrimuseet, ikkje viser at det parallelt blir ført ein samtale om bruk som ikkje forkastar brukstingen, men som freistar å gi han ny mening i ei ny tid. At dei ikkje nemner dette, kan tyda på at brukstingen framleis er opphav til uro. Det er alltid koppen, krukka og fatet som er omdreiingspunktet i diskusjonane om kva kunstnarleg status det keramiske kunsthåndverket skal ha. I bruk er keramikkgjenstanden berre ting, hevdar somme, men viss den blir plassert på sokkel i eit galleri, kan den – som Marcel Duchamp sin urinal i si tid – transformerast til kunstobjekt. No som før er det såleis brukstingen som synleggjer kløfta som rår i vår kultur mellom

den kunsten vi omgir oss med i dagleglivet og den reine kunsten som vi møter på galleri og museum. Det har fått mange til å slutta at berre keramikken frigjer seg frå bruk, blir det kunst. Nina Malterud sin praksis viser at så enkelt er det ikkje. Heldigvis.

Fata til Nina Malterud er bruksting, men ikkje bruks-bruksting i tydinga avgrensa til spørsmål knytt til den praktiske nytten: korleis skapa fat som står støtt på bordet og som toler vask i oppvaskmaskin. I staden inviterer dei til mykje meir opne samtalar om kva funksjon er – i dag; her og no. Sjølv om dei er små av format og dempa i fargebruken, utstrålar dei ein aktiv energi som engasjerer. Det skuldast særleg dekoren, der det spontane og røffe er spelt ut mot det kontrollerte og finslege; og der djupne er skapt gjennom lag på lag med glasurar medan ei blank overflate gir lysrefleksar og glans. Desse fata forfører auge og inviterer til taktil respons. Dei har både visuell slitestyrke og sanseleg appell. Det er kvalitetar som dekkjer heilt andre behov enn dei som er knytt til nytten åleine.

Ting er sjeldan berre ting. Når vi tar dei i bruk, blir dei ein del av liva våre. Vi ser oss sjølve i dei, og vi fyller dei med minne og historier. Slik er det også frå keramikaren si side. Også ho ladar gjenstandane med lag på lag av minne og meiningar. Den handlaga tingen er alltid ei forteljing om levd liv, og i tillegg er heller ikkje valet av material og gjenstandstype, dekor og formspråk uskuldige handlingar, men berar av ei rekkje tydingar som er skapt av tradisjonen og historiske og sosiale forhold. Jamvel noko så tilsynelatande enkelt og konkret som eit fat, blir gjennom bruken noko meir: Det blir transformert til teikn for fellesskap og deltaking. Det er såleis ved å vera *både* ting og representasjonar av ting at kunsthåndverket har skapt seg eit eige rom. Og det er ved å bli brukt – i dagleglivet så vel som i museumsutstillinga, som bruksting så vel som sosialt teikn og kunstobjekt – at det blir eit uttrykk for si eiga tid. Funksjon i kunsthåndverket handlar såleis ikkje om enten bruksting eller frigjering frå bruk, men om å fylla *fleire*, meningsfulle funksjonar på ei og same tid.